

RAULAND FJELLSTYRE



ÅRSMELDING 2020

INNHALD:

- 1. Rauland statsallmenning**
- 2. Rauland fjellstyre - samansetjing m. v.**
- 3. Rauland fjellstyre sine hytter.**
- 4. Villreinjakt**
- 5. Småviltjakt.**
- 6. Fiske.**
- 7. Økonomi**

1. Rauland statsallmenning

Rauland statsallmenning ligg i Vinje kommune i Telemark fylke og er på omlag 67000 dekar høgfjell 1300 - 1600 m. o. h. Heile allmenningen ligg innafor Hardangervidda nasjonalpark. Allmenningen ligg langt frå allfarveg og turist løyper, difor er det heller liten trafikk der. Fjellstyret har 3 hytter som alltid står oppe for ålmenta.

2. Rauland fjellstyre

Fjellstyre er for perioden 2019 - 2023 samansett slik:

Medlem:

Ane Killingtveit, leiar

Marit Kåsa

Jarle Nordjordet

Tor Aage Dale

Halvor Fehn, nestleiar

Vara:

Svein Loftsgarden

Trond Arild Pedersen

Arvid Juvland

Hilde Hovden

Kjersti Torvetjønn

Fjellstyret hadde i 2023 3 styremøter. Det vart handsama 17 saker.

Fjellstyret betalar ut møtegodtgjering til eksterne møte, men til interne fjellstyremøte vert det ikkje betala ut godtgjering.

Infoside for Rauland statsallmenning ligg på heimesida til Fjellstyra på Hardangervidda.

Sal av kort til småviltjakt, reinsjakt og fiske er på Inatur.no.

Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH):

Det er 6 fjellstyre som er aksjonærar i FH:

Røldal fjellstyre

Ullensvang fjellstyre

Ulvik fjellstyre

Eidfjord fjellstyre

Øvre Numedal fjellstyre

Rauland fjellstyre.

I tillegg er Hardangervidda Grunneigarsamskipnad inne med ein liten aksjepost.

Leiar i Rauland Fjellstyre sit i styret for FH as. Tor Aage Dale er vara.

Noregs Fjellstyresamband (NFS):

Alle fjellstyra i Norge er med i NFS (94 fjellstyre).

Hardangervidda fjelloppsyn

HF er driftsapparatet til Fjellstyra på Hardangervidda as. Rauland Fjellstyre leiger sekretærtjenester frå HF, samt enkelte felttjenester etter eige ynskje gjennom året. HF ivaretek brannsikringsarbeidet og feiing på hyttene.

3. Rauland fjellstyre sine hytter

Alle hyttene står opne med ved, propan og anna naudsynt utstyr. Hytteleige betalast på hyttene i egne kasser, med Vipps eller ved overføring i bank.

Hytteleige: Raulendingar. Andre:

Kr. 100,-

Kr. 200,-

Born under 16 år gratis.

Alle hyttene er utstyrt med madrassar, kjøkkenutstyr, propan og ved. Solcelleanlegg er det på alle hyttene.

Det vart transportert inn 90 sekkar med ved. Halvor Fehn sto for organiseringa av transporten og transporten føregjekk på dugnad.

I 2023 står det på sidene at hyttene i utgangspunktet er stengt med unntak av jakta for å bidra i «dugnaden» med å få ned ferdsele på vidda. Hyttene står likevel ulåst slik at dei kan fungere som nødbuer for evt fjellfolk.

Store Meinsvatn 1420 m.o.h.

Hytta ligg i sørenden på Store Meinsvatn, er på 35 m2 og har 8 senger med madrasser. Det er solcelleanlegg, kjøkkenutstyr, propan og ved på hytta. Hytta har eige oppsynsrom som Hardangervidda fjelloppsyn as leiger.

Kostveitvatn 1400 m.o.h.

Hytta ligg i sørvestre delen av Kostveitvatn, er på 28 m2 og har 5 senger med madrasser. Det er solcelleanlegg, kjøkkenutstyr, propan og ved på hytta.

Saltpytt 1430 m.o.h.

Hytta ligg på øvre del av Saltpyttflotti, er på 42 m2 og har 8 senger med madrasser. Det er solcelleanlegg, kjøkkenutstyr, propan og ved på hytta.

Alle hyttene gjennomgår årleg brannvernkontroll i regi av HF.

4. Villreinjakt

Samjaktavtaler:

Alle innanbygdsbuande i Rauland som hadde kort på andre vald kunne nytte dei frå fyrste dag mot eit gebyr på kr 500,- pr jeger. Det var i 2023 gjensidig samjaktavtale mellom RS og Berunuten Vest. Dette gjaldt fom fyrste måndag i september og ut jakta. Ordninga er vederlagsfri. Det var og samjakt med Rauland Jeger og Fisk. Her betalar RJF ein fast sum for at deira kort kan nyttast på Rauland SA.

Kvoten for 2023 på Rauland Statsallmenning vart på 34 vaksne bukkar (2 ½ år og eldre). Det vart bytt til oss 5 kort frå Ulvik fjellstyre mot at 2 jegerar der fekk innpass på terrenget etter avtale. Det vart kun seld 2 kort til 1 utanbygds for 2023

Dette gjev ei god ekstraintekt som er med på å kunne oppretthalde ei god drift av Fjellstyret.

Det vart seld reinskort for om lag 90000,- kr netto i 2023. Dette inkluderar overføring av kort frå andre vald (ein nedgang på ca 70.000,- frå 2022).

Fellingsresultat 2023:

Det vart felt totalt 7 dyr på fellingsløyva i 2023.

Prisar på fellingsløyve av rein:

	Innanbygds:	Utanbygds:
Fritt dyr	2400,-	4800,-

Fjellstyret har vidareført ei skjerpa haldning til Fjellovas reglar om innanbygds og utanbygds. Desse reglane finn ein i §§ 23 og 24 og dei omhandlar reglar om kven som er å rekne som innanbygdsbuande og dermed har rett til reinsjakt. Fjellstyret ynskjer derfor å halde fram med tidleg frist for søknadar om reinsjakt. Fjellstyret vidarefører ordninga med sal av kort på Inatur.no, noko som fungerer godt.

5. Småviltjakt

Småviltjakta vart i mange område stengt for 2023 etter at Statskog gjorde vedtak om jaktstenging på sine terreng. Det vår dårlege teljingar på lirjupe.

Rauland Fjellstyre har kun småviltjakt i perioden etter reinsdyrjakta er avslutta og fram til at det naturleg avgrensar seg med sno.

Det vart eit noko høgare sal av småvilkort i 2023 enn i 2022. Dette skyldast truleg stenging. Inntektene var 28.000,- høgare enn i 2022. Prisane var og justera i 2023.

Prisar småviltjakt:

	Innanbygds:	Utanbygds:
dagskort	Kr.125,-	Kr. 250,-
vekekort	Kr.700,-	Kr. 1400,-
Sesongkort	Kr.1150,-	Kr. 2300,-

Fangststatistikk Rauland SA- Småvilt

Basera på innleverte fangstrappoartar pr 01.01. påfølgande år.

År	Tal jegerar	Har rapportert	Ikkje jakta	har jakta	ikkje fangst	fangst	fjellryper	liryper	hare
2016	ikkje jakt								
2017	ikkje jakt								
2018	80		27	53	18	35	55	3	0
2019	67		23	44	8	36	59	9	1
2020	62	58	22	36	22	14	32	3	0

Som ein ser av tabellen er det ikkje store forskjellar i tala frå år til år. Det som er mest spesielt er det store talet jegerar som ikkje jaktar i det heile.

Av dei som har kjøpt kort er det to innanbygds, resten er utanbygds.

Det vart seld småviltjakt for 41 135 kr netto i 2020.

Det vart seld 6 sesongkort for smårovvilt. Alle til utanbygds.

6. Fiske

Det vert seld fiskekort for stong og isfiske. det er ingen avgrensing i tid for fiske på allmenningen.

Prisar fiske:

Dagskort Kr. 100,-

Vekekort Kr. 250,-

Årskort Kr. 500,-

Fastbuande i Rauland som betalar for overnatting på hyttene, kan fiske med 5 garn med fri maskevidde . Det er båt og garn i Store Meinsvatn og Kostveitvatn.

Fjellstyret er også med i ei felles fiskekortordning saman med Vinje HG. På grunn av alt for liten tilbakemelding på fiskekorta og på grunn av fellesordninga med fiskekort har ein ingen oversikt over mengde fisk som er teken opp i vatna på allmenningen. Det vert meldt om gode fangstar av fin kvalitet frå enkelte sportsfiskarar. Spesielt er det fin fisk i Kolsnutgryslene og Høkkebrotvatnet.

Det er seld fiskekort for 9500 kr på Inatur i år. I tillegg kjem inntekter frå fellesfiskekortet på ca 8450. Dette er ei stor auke frå tidlegare år. Koronaeffekten har slege til i salet av fiskekort.

7. Økonomi

Rauland Fjellstyre er sjølvfinansierande når det kjem til drift av Rauland Statsallmenning. Det vert gjeve noko statleg tilskot til innkjøp av oppsyns- og sekretærtjenester gjennom Fjellstyra på Hardangervidda as.

Økonomien til Rauland FS er heilt styrd av inntekter av sal av reinskort. Dette vil seie at økonomien er svært sårbar for svingingar i bestandssituasjonen/kvotane på Hardangervidda. Ein har no bak seg nokre år med relativt høge kvotar og følgeleg god inntekt. Dette, saman med sal av fellingsløyve til utanbygds, har ført til at fjellstyret har kunne gjere større investeringar. Nytt uthus på meinsvatn, kledning, vindauge mm på Meinsvatn og naust på Kostveit og Meinsvatn. Det er og kjøpt inn to nye båtar. Fjellstyret planlegg og å bygge nye uthus både på Kostveit og Saltpytt.

Utan høge kvotar og sal til utanbygds hadde ikkje desse tiltaka vore gjennomførbare.

Det er no mykje som tydar på at ein går inn i ein periode der CWD og fotrote vil styre kvotefastsettinga. Kvotane vil svinge i åra framover og følgeleg vil inntektene ver usikre. Det vil derfor vere ei utfordring å få økonomien til å balansere. Dette har fjellstyret vore klar over og det er derfor bygd opp ein buffer for å takle dårlege år. Å oppretthalde ein viss økonomisk buffer vil vere avgjerande også vidare framover. Pr februar 2021 kan de sjå ut til at ein vil få eitt eller to år med nokonlunde inntekter på sal av villreinkort. Etter dette må ein forvente lite inntekter frå dette.

Under viser grafen utvikling over tid når det gjeld inntekter pr varegruppe:



Rauland 15.02.2021

Ane Killingtveit
Leiar

Sveinung Olsnes
Fjelloppsyn/Sek.

